

Referat frå styremøte i Sotra Volleyballklubb

Tid: 25.04.2022, klokka 17:30-19:30

Stad: Klasserommet - Bildøyhallen



Tilstades: Renate Turøy, Cathrine Hartwig, Jens Knabben, Mikael Tangen.

Forfall: Vegard Mortensen, Nils Magne Vardøy, Nina Lønøy.

Saker:

1/1 Innkalling til styremøte

Innkallinga godkjend.

2/1 Saksliste

Sakslista godkjend.

3/1 Orienteringar

a) Kvalifisering til Mizunoligaen

Kvalifiseringskampane vart spelte i Oslo mellom OSI, Sandnes VBK og Sotra VBK. Klubben betaler reiser og overnatting.

b) Helgevakt i Bildøyhallen 30. april og 1. mai

Vassendgutane skal ha konsert i Bildøyhallen frå torsdag 28. april til laurdag 30. april. Mikael Tangen organiserer vakthaldet klubben vert pålagt laurdag. Ingen aktivitet søndag 1. mai.

- c) Ferdigstilling av årsmøtepapira og underskriven protokoll må fullførast før innsending til Norges Idrettsforbund og Brønnøysundregisteret

Mikael Tangen gjer desse oppgåvene.

- d) Høgre i Øygarden kommune ønskjer innspel frå klubbar om framtidig planlegging for utbygging av idrettanlegg i kommunen (Vedlegg 1)

Mikael Tangen svarar på denne førespurnaden og lagar ein plan for idrettsaktivitetar på Bildøy fotballbaner.

- e) Info om planlegging av sandvolleyballbaner (Vedlegg 2)
Ønskjer dette sendt til Øygarden kommune

Skriv frå NVBF om utbygging av sandvolleyballbaner er sendt til Øygarden kommune.

- 4/1** Utsendingar til årsmøtet i Øygarden Idrettsråd 11.05.2022 klokka 18:00-20:00 i Sotra Arena (2 personar)

Forslag. Nils Ivar Brennhaug.

Mikael Tangen tek kontakt med han for å høyra om han møter for Sotra VBK. Ingen andre forslag kom fram i møtet.

- 5/1** Utsendingar til årsmøtet i Hordaland Volleyballregion (2 personar), tidspunkt ikkje bestemt

Ingen forslag på personar som vil representera Sotra VBK.

- 6/1** Utsendingar til Forbundsting i Norges Volleyballforbund (2 personar)
Laurdag 11.06.2022 klokka 10:00-20:00
Søndag 12.06.2022 klokka 09:00-14:00

Ingen forslag på personar som vil representera Sotra VBK.

7/1 NM JU17

Renate orienterte om opphald, reiser, utstyr og betaling for turen. Klubben dekker utgifter til reiser, overnatting, bankett, dommar og påmelding.

8/1 Helgevakter i Bildøyhallen: Kven tek vaktene?

Dette vart ikkje funne løysing på, men vi må laga ein plan over dei helgene som er igjen fram til skuleferien. Mikael Tangen tek kontakt med Badminton om fordeling av helger, og så må vi foreta ei intern fordeling på vaktene som vi må ha.

9/1 Kven tek vaktene i Bildøyhallen måndagar og torsdagar resten av sesongen?

Vegard Mortensen har fått dekkja dei fleste vaktene.

Desse datoane er det ikkje funne vakt til enno: 13., 16. og 20. juni.

10/1 Ønskje om treningstider i hallar og gymsalar sesongen 2022-2023

Frist for innsending til kommunen er 1. mai

Mikael sender søknad om treningstider i Sotra Arena, Bildøyhallen og Knappskog skule.

11/1 Fordeling av arbeidsoppgåver mellom styremedlemmene

Dette er bestemt så langt:

Mikael Tangen: Innkalling og leiing av styremøte.

Renate Turøy: Materialforvaltar, sportsleg leiar, formidlar innkjøp av utstyr og kioskvarer.

Jens Knabben: Kasserar.

Cathrine Hartwig: Kontakt for meldingar om seksuelle krenkingar og utilbørleg atferd.

Vegard Mortensen: Kontakt for meldingar om seksuelle krenkingar og utilbørleg atferd

12/1 Ymse/Eventuelt

- a)** Styret ønskjer at 1. divisjonslaget presenterer ei skriftleg evaluering av sesongen og legg fram ein del idear om korleis det vert arbeidd med laget fram mot ny sesong.
Ta også med namn på dei spelarane som er interesserte i å spela vidare på 1. divisjonslaget.
- b)** Det vart diskutert eventuell kompensasjon for personar som er i støtteapparatet.
- c)** Kwart lag må ha ein spelarrepresentant inn mot trenar, og kvart aldersbestemt lag må ha ein foreldrekontakt.

Referent

Mikael Tangen